# Kyrkjebod

Nr. 4 - 57. årgang Kyrkjelydsblad for Tinn Julen 2012



Det sanne ljoset som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Foto: Hans Kr. Langeland

## GOD JUL!





Ætt skal fylgja ætterad

## Hovin sokn

**Døde:**
16.08.2012: Randi Ellinor Berg
29.08.2012: Knut Johnsen
05.09.2012: Lilla Jenni Rustan

## Austbygde sokn (Skirva fjellkyrkje)

**Døde:**
07.09.2012: Liv Lavik
19.09.2012: Helga Sjøtveit
19.09.2012: Birgit Tverberg
30.09.2012: Jørgen Frågot
09.10.2012: Tore Bakken
12.10.2012: Halvor Heggland
14.10.2012:Torstein Skrindebakke
22.10.2012: Knut Sjøtveit

## Atrå sokn

**Døpte:**
Erlend Omsted Rue

## Mæl sokn

**Døpte:**
Jonas Hvammen

**Døde:**
10.09.2012: Margit Wicklund



Sjekk ut kirken i Tinn sin hjemmeside:

**www.kirken.tinn.no**

Her vil du finne alt du måtte lure på innen kirken i Tinn sitt arbeid.

Nyheter blir lagt ut kontinuerlig (ca. 2 ganger i uken) - og du må gjerne komme med innspill om du har relevant stoff som du vil ha ut på hjemmesiden.

Ta evt. kontakt med Silje Sjøtveit på mail: silje.sjotveit@kirken.tinn.no

---

Normisjon Tinn har egen hjemmeside:
**www.normisjontinn.org**
Her kan du lese om bedehuset i Austbygda sin historie, se når møter og aktiviteter foregår, lese mer om Hobbyluringen, Tinn Gospel, ungdomsklubben, temakvelder og familiemøter.
**Velkommen inn på nettsiden vår!**

normisjon

## Bedehuset har fine lokaler til utleie

Nå har bedehuset i Austbygda kjøpt helt ny oppvaskmaskin, og uteplassen er ferdig.
Bygget er velegnet til leie for konfirmasjon, barnedåp, større familiefester o.l. Velutstyrt kjøkken.
Ta kontakt om du ønsker å leie hele eller deler av huset.

Husformann Halvor Tollheim - mob 35 09 87 27

## KYRKJESKYSS I TINN

Treng du skyss til gudstenester eller arrangement i kyrkja, så ver ikkje redd for å ringja eit av nummera nedanfor:

Hovin: Granlund 35 60 30 05
Austbygde: Tollheim 35 09 87 27 eller Haukaas 35 09 86 63
Atrå: Hvalen 35 09 71 89
Mæl: Øvsterud 47 04 61 70 eller Stormoen 35 09 62 18 eller Bjørtuft 35 09 63 14

## «Kirkekakebakeliste»

Er du glad i å bake - til kirken trenger vi kake. Når klokkene ringer, til kirken vi springer.
Litt kirkesaft og kirkekaffe må vi ha, men hvor kommer kakene fra?
Vil du hjelpe oss å bake, eller vil du bare komme og smake?
Vi trenger deg, så bare ring i vei.

Ring eller SMS til: Edel 95 24 19 32 eller Grete 90 56 23 16
Sokneråd/kirkering

# MEDARBEIDERFEST I KIRKEN

**Onsdag 13. mars 2013**

**kl. 18:00 i Atrå Samfunnshus**

Velkommen til alle frvillige medarbeidere i kirken i Tinn!
Påmelding til kirkekontoret,
eller til diakon Silje Sjøtveit på mob 97541299
innen man 11. mars

www.kirken.tinn.no



# Å vente på Herren

Det er advent, tiden som markerer ventetiden i forkant av Jesu Kristi komme. Dette er en betydningsfull tid som burde komme til sin rett. Lengselen etter Gud og hans komme i Kristus, Messias, går som en rød tråd gjennom bibelen. Det gamle Israel var et folk som skilte seg ut ved deres forhold til tiden. De så ikke bare bakover og de så ikke bare verden som var umiddelbart tilstede omkring seg, men de så fremover. Som barn av Abraham, Isak og Jakob var de et folk som levde i kraft av Guds løfter, som så sitt liv i lys av det som skulle komme, det nye Gud skapte. Som beretningen om utvandringen fra Egypt så vakkert viser var de et folk som alltid hadde Gud fremfor seg, som ledet dem ut av fangenskap og inn i den frihet og det liv som kun er å finne i fellesskapet med ham. Det var også til dem det største av Guds løfter kom; løftet om Messias, frelserkongen og fredsfyrsten, som en gang for alle skulle forløse sitt folk og til og med bringe nasjonene inn i sitt herlighets rike. Det kom mange store ledere som stilte seg opp mot undertrykkerne og skapte håp om at Messias var kommet, men de mislyktes alle og håpet svant.

Det var ingen som forventet at den de ventet på skulle fødes i en stall, leve et liv i fattigdom, forfølgelse og fornedrelse og ende sine dager på et kors blant kriminelle. Til og med Jesu disipler som trofast hadde fulgt ham i troen og håpet på at han var den som skulle komme, mistet troen da han døde. Han levde ikke opp til forventningene. Det var David i sin storhetstid snarere enn den lidende tjener som var idealet. Derfor venter jødene fremdeles på sin forløser, og det er ikke vanskelig å forstå dem.
Men disiplene gjenfant troen, ikke ved egen makt, men fordi den de hadde ofret alt for selv ikke i døden hadde forlatt dem. Gud selv bekreftet at Jesus var Messias ved å reise ham opp fra de døde. Kristus kom ikke som en jordlig hersker eller konge med midlertidige løsninger på midlertidige problemer. Nei, han gikk til kjernen av problemet; han kom for å bekjempe selve synden og døden; menneskets brutte relasjon med Gud.

Vi er også Abrahams barn, vi er også et folk på vandring, et folk som venter og lengter etter vår Herre. Men vi har fått den ubeskrivelige gave at vi alt kjenner den vi venter på. Den som kommer er alt kommet og er alt nå med oss alle dager inntil verdens ende. Vi trenger ikke lete lenger. Som Andreas sa til sin bror Peter: Vi har funnet Messias!

For oss er han ingen ukjent, men en som har levd i blant oss, til og med lidd døden som en av oss, for oss, i vår aller dypeste elendighet, for slik å bringe Gud nær oss. Han er en som i sitt oppstandelsesliv er med oss fremdeles fra dag til dag, spesielt der to eller tre er samlet i hans navn.

Men også vi venter. Hvis Messias, frelseren alt er kommet og fremdeles er med oss, hva er det vi da venter på? Vi venter på at Kristus skal bli i kraft det han alt er ved rett: himmelens og jordens Herre og menneskets frelser i full forstand, legemlig så vel som sjelelig og åndelig. Han har seiret over døden og synden, men de har ennå en urettmessig makt over oss. Vi venter på den dag han igjen fullt ut skal ta bolig blant oss og døden ikke skal være mer, heller ikke synd eller noe som skiller oss fra Gud og hverandre. Den tid vi og hele jorden skal forvandles etter hans bilde. Apostelen Johannes utrykker dette håp for sin menighet med ordene: «Mine kjære! Nå er vi Guds barn, og det er ennå ikke åpenbart hva vi skal bli. Men vi vet at når han åpenbarer seg, skal vi bli lik ham, for vi skal se ham som han er.»
Vi ser ham ennå ikke fullstendig slik han er og vi er ennå ikke helt lik ham, men det håp har vi, at ved hans nåde alene så er det dette som er vårt mål.

I mellomtiden får vi vente, i trygghet og med glede, og trofast leve de liv han har kalt oss til, som også på denne jord har en usigelig verdi.

God advent!

Sokneprest Øystein Evensen



**Kyrkjebod**
**Redaktør:** Terje Paulsen, mobil 93 23 71 20 - e-mail: mpartner@c2i.net
**Medarbeidarar:** Hans Kr. Langeland, Grete Ingeborg Vestby og sokneprest Øystein Evensen.

# Lysgloben i Hovin kirke



Aslaug og Tore Grov ønsket å gi en gave til Hovin kirke. Det hadde lenge vært et ønske at kirken skulle få en lysglobe. Soknerådet ble enig med Aslaug og Tore om å finne en lysglobe som vi syntes passet i Hovin kirke. Valget falt til slutt på en vakker lysglobe, håndlaget av Egil Ansgar Jensen fra Sandefjord. Den ble innviet og tatt i bruk 17. mai i år. De som er til stede i kirken oppfordres til å tenne et lys i globen, for eksempel for en person man ønsker å gi ekstra omtanke. Aslaug og Tore Grov er begge fra Hovin, og har bodd der mesteparten av livet. For noen år siden solgte de gården på Tveito og flyttet til Kongsberg. Men de har tydeligvis ikke glemt hjembygden sin. De drar ofte til hytta i Hovin, og er gjerne å se i kirken. Soknerådet takker hjertelig for den flotte gaven!

# Tinn Soul Children setter opp musikalen «Victory» våren 2013




Ettersom det er så mange eldre ungdommer/medarbeidere i Tinn Soul Children, velger vi å sette opp musikalen "VICTORY" våren 2013.
Dette er en musikal som inneholder sang, musikk, dans og teater. Vi håper at flere enn de som vanligvis går i Tinn Soul Children vil være med på dette spennende musikalprosjektet! Vi trenger også noen til å styre lyd, skaffe til veie kulisser, organisere billettsalg osv.
Aldersgrensen er 10 år for å kunne bli med. Ingen aldersgrense oppover!
Visjonen til Soul Children sentralt er: "Vi vil vinne og bevare unge for evangeliet, gjennom sang og musikk de kjenner seg igjen i!"
Musikken i "Victory" er en blanding av R&B, pop og soul. Det er fra sentralt hold laget veldig bra koreografi (bevegelser og dans) som vi skal lære inn - dette gleder vi oss veldig til! Vi har eget band i Tinn Soul Children, men har plass til flere om du spiller et instrument (piano, bass, el gitar, trommer e.l). I musikalen møter vi en hel klasse i samtale med sin lærer, ei jente som blogger og ungdom som leter etter sin identitet. Temaer som selvtillit slankepress, utseende, press fra alle kanter, masker, håp og himmel blir tatt opp i musikalen. Og spørsmål som: Kan jeg stole på Gud? Hvem er jeg? Kan jeg tro på Jesus?, blir stilt. Ta kontakt med diakon Silje Sjøtveit på mob 97541299 om du har lyst til å bli med på dette, eller møt opp på første øvelse i Tinn Soul Children etter jul. Se egen annonse.





# Åpen Tinn Soul Children leir på Skirva

Igjen kunne Tinn Soul Children invitere til ÅPEN LEIR på Skirva. Det var over 30 ungdommer på leir denne helgen! Mange fra koret, men også flere utenfra. Noen av dem ønsket også å begynne i koret etter helgen. Vi hadde nydelig sol og mye snø, så det ble uteleik i flere timer i løpet av helgen. Da var det godt å komme inn til nystekte boller og varm kakao. Temaet for helgen var Jesus - verdens lys. Det var dramatisering av bibeltekst, kveldsbønn, god mat og leik og moro. Og så øvde vi selvfølgelig mye til SOUL CHURCH gudstjenesten som skulle være i Atrå kyrkje på søndagen.

*La oss vandre i lyset slik som han er lys - vandre i Guds lys, vandre i Guds kjærlighets lys*

*La oss tilig hverandre slik som Gud har tilgitt oss - vandre i Guds lys, vandre i Guds kjærlighets lys*

*La oss elske hverandre slik som Gud har elsket oss - vandre i Guds lys, vandre i Guds kjærlighets lys*

Diakon Silje Sjøtveit



# Familiemøte på bedehuset










Søndag 21. oktober var det igjen duket for FAMILIEMØTE på bedehuset i Austbygda. Alle generasjoner var samlet til fellesskap.

Sokneprest Øystein Evensen snakket om "det ondes problem" på en interessant og forståelig måte. Her var det litt å tenke på for enhver. Mens soknepresten talte hadde barna et eget opplegg med tema: Noas ark. Det ble lest, lekt, puslet og tegnet i lillesalen.
Tinn Gospel sang og det ble servert is med peanøtter og non stop etter møtet til glede for små og store.

Årets siste FAMILIEMØTE blir søndag 25. november. Da er det grøtfest og salg av årer. Velkommen til store og små!

www.normisjontinn.org

# Tinn Soul Children øver på kirkekontoret i Atrå



Bygdeavdelingen av Tinn Soul Children øver på kirkekontoret i Atrå.
Det fungerer fint! Vi øver i et klasserom, og har pause med mat og frukt på lunsjrommet. Er du mellom 10 og 16 år, er du veldig velkommen til å bli med oss!
Silje Sjøtveit, Hildegunn Hagen og Bruno Paulsen

# Soul Church

To ganger i halvåret er det SOUL CHURCH i kirken i Tinn. En gang på Rjukan og en gang i bygdene. Målgruppen for disse gudstjenestene er alle generasjoner, men spesielt barn og unge fra 10 år og oppover.
Tinn Soul Children deltar alltid på disse SPRELL LEVENDE gudstjenestene, og målet er å involvere flest mulig av ungdommene i gudstjenesten.
Flere av ungdommene ble søndag 28. okt i Atrå involvert i å formulere bønner, holde vin og oblater under nattverden, bære inn kors og blomster ved inngangsprosesjonen samt styre powerpointen.
Tinn Soul Children var forsangere på ny liturgi og hadde også noen egne sanger. Fire 4-åringer møtte opp og fikk 4-års boka si av menighetspedagog Torunn Øvsterud.
All liturgi som meningheten skal delta på kommer på storskjerm, slik at alle skal få mulighet til å følge med. Prekenen er også tilret-

# Rettelse

I høstnummeret ble det skrevet i intervjuet med Liv Lavik at "hun tok initiativet til opprettelsen av en diakonal stilling". Det var Randi Spilling som var initiativtakeren. Rett skal være rett!

**FORMIDDAGSTREFF våren 2013**

**Mandag 4. februar**
**Mandag 8. april**

Bedehuset i Austbygda

**Kl 11:00**
Allsang, andakt, dugurd og utlodning

arr: kirken og normisjon

tinn gospel

Oppstart etter jul
**Tirsdag 8. jan kl 19:30**
Bedehuset i Austbygde

Øvelse annenhver uke

Velkommen!

**www.normisjonstinn.org**

tinn soul children

Oppstart etter jul
**Ons 16. jan**
**Rjukan kirke kl 17-18:30**
**Tors 17. jan**
**Kirkekontoret i Atrå kl 19-20:30**
Øvelse annenhver uke
Alle gutter og jenter mellom 10-16 år
**Vi setter opp musikalen VICTORY denne våren**
så eldre ungdommer er spesielt velkommen!!

**www.kirken.tinn.no**

# Formiddagstreff på bedehuset





Mandag 5. november var det igjen formiddagstreff på bedehuset i Austbygde. Diakon Erik Bugge hadde laget en deilig "høstsuppe á la Austbygde" og det var god stemning rundt bordet. Randi og Per hadde forberedt allehelgens salmer, og salmekonkurranse. Løsrevne setninger fra selv kjente salmer var ikke alltid like lett å komme på. Men de fleste greide vi med hjelp av at Per spilte melodien på orgelet.
Det ble også lest historien om "Blakken" av Bjørnstjerne Bjørnson hentet fra "Lesbok for folkeskulen" fra 1932. Og vi hadde en runde på ulike ordtak som vi husker fra tidligere dager. Utlodning med fine gevinster var det også tid til. Diakon Silje Sjøtveit holdt andakt om Guds beskyttelse.
Vi ser frem til neste formiddagstreff mandag 10. des med julesanger og julegrøt. Velkommen til alle som har fri en mandag formiddag! Om du er "nyslått" pensjonist, har rundet 80 eller kanskje 90 (!), eller av andre grunner har fri, er du hjertlig velkommen!
Diakonene i samarbeid med Normisjon Tinn

# En krans for livet

I Sverige bor en biskop som heter Martin Lønnebo. Han fikk en idé. Han tenkte: Det ville være fint å ha en liten krans med perler som kan minne oss på hva det vil si å tro på Gud og på Jesus. Hver perle betyr noe. Hver perle kan vise oss noe som er viktig. Vi kan holde kransen i hånden, ha den i lomma eller på armen, leke med den og kjenne på hver enkelt perle. I kransen finner Gudsperlen, jegperlen, dåpsperlen, ørkenperlen, stillhetsperlene, gledesperlen, kjærlighetsperlene, hemmelighetsperlene, nattperlen og håpsperlen. Alle disse perlene favner livet, på godt og vondt. Og ikke overraskende er Gudsperlen den største og mest gylne av dem alle.

(Fra "Kirkebakken", Elverum menighetsblad)



# *Jolehelsing til dykk alle frå Austbygde og Hovin sokneråd*

Så skriv me november igjen, og det lakkar og lir mot adventstid og jolehøgtid. Førjolstida er ofte ei travel tid, men først og fremst ei fin tid. Me i Austbygde og Hovin sokneråd vil i den anledning nytte høve til å ta pennen fatt og gje dykk nokre ord.





Den raude fine jolestjerna har blivi ein naturleg pryd i ein jolepynta heim.
Blomar kan seia meir enn tusen ord, så difor blir våre ord til dykk, sendt som ei blomsterhelsing.



*Blomar kan seia meir enn tusen ord*
*Blomar på enga*
*Blomar langs vegen*
*Herleg og sjå korleis det veks,*
*sjå korleis alt gror*

*Når livet ein gong ebbar*
*Og mi tid her er forbi*
*Når eg ser meg attende*
*Og gjer eit tilbakeblikk i tid*
*Då vil eg det skal vekse Blomar*
*i mine fotefar*

*Eg ynskjer at blomane snakkar til dei som kjem etter*
*La dei minne dei om at livet*
*skal levast*
*dagar som netter*
*Svaie i vinden, kjenne solas glans*
*Lev mens du lever*
*Plutseleg er det siste dans*

Adventstid og jolestri. Og som i fjor, året før det osv. så vil me vel og i år stressa litt før joleklokkene ringjer, og freden senkar seg. Du veit dæ må no båkåst, og vaskast og så må æin kjøpæ inn gåvu. Gode ting alle i hop!
Det er triveleg å baka, og husvasken er vel ikkje det ein synest er det mest artige, men du verden så godt det kjennest når heile huset er skura og det luktar grønsåpe i alle rom. Når det gjeld gåver, så er det slik at den største gleda ein kan ha det er å gjera andre glad.

Eit klokt hovud he sagt;

*Kjærligheten er ikke i den andre,*
*den er i oss selv; vi vekker den.*
*Men for å vekke den trenger vi*
*den andre.*

I adventstida og jolehøgtida er familien samla, ein hyggjer seg og har det triveleg i saman. Dette er og ei tid der mange av oss gjev oss sjølve tid, til å stoppa opp, tenkje på livet, på alle vi er glade i, og vi tenkjer óg på dei som ikkje har det så godt, og kva vi som enkeltmenneske kan gjera for å hjelpe. Vi kjenner ei stor takksemd for det livet vi har, for vi veit kor sårbart det er. Livet er som eit vêrkart, det er solskin og skyfri himmel, det er storm, det er vindstille og glitrande hav. Livet består av mange augneblikk, ver til stades, sjå kring deg, kjenn gleda og kjærleiken.
Kjærleiken til alle, så vel kjente som framande, del med deg. Og då meines ikkje nødvendigvis pengar, men gje av di tid, ta deg tid til å slå av ein prat med eit medmenneske, gje ei hjelpande hand, eit vennleg klapp på skuldra, eit smil eller eit vennleg ord. Du kan gjera noko stort berre ved å vera deg. Hugs vi er alle avhengige av kvarandre, vi har alle eit medansvar. Tida er no. Ver til stades her og no. La di gåve til deg sjølv vera at du tek godt vare på deg sjølv. Hugs DU er verdifull.

**Ha ei fredfull og gledesfylt advent – og jolehøgtid!**

*For Austbygde og Hovin sokneråd*
*Haldis Bjørnskås Kleivan*



# BARNAS SIDE

## Fargelegg

Tegning: Rikke Fjeld Jansen



## Prikk til prikk

Tegn en strek fra
1 til 2 og så videre.
Hva skjuler seg her?



## Finn fem feil

De to bildene er nesten like.
Finner du de fem feilene på
bildet til høyre?





Tegning: Rikke Fjeld Jansen










# Salmeglede for dei små

**Pugging av salmar er ikkje kvardagskost. Men det er ikkje tvil om at barn også lærer seg songar som sit spikra livet ut. Det er da det gjeld å velje dei rette salmane.**

På Trusopplæringskonferansen 17. oktober heldt Kyrkjerådets prosjektleiar for den nye salmeboka, Vidar Kristensen, seminar for ein fullsatt sal. Han fortalde om gamle menneske som heilt til si siste stund hugsar barnlege songar frå søndagsskolen, medan mykje anna av nyare dato er heilt borte frå minnet.

- Dette syner kor viktig det er at barnesongane er gode, at dei gir eit sant bilete av kristen tru og liv. Innhaldet i barnesongane må vere sant også for vaksne, så det ikkje må avlærast for å gi rom til ei annleis vaksentru.

### Frykt ikkje det vanskelege

Kristensen er gammal søndagsskolelærar, og har tips til dei som arbeider med barn i dag.

- Det er lurt å velje ein gjennomgangssalme som ungane lærar svært godt, for gjenkjenning gir tryggleik. Og det er ikkje noko problem om salmane inneheld vanskelege ord, det gir ei sunn undring som kan forklarast av vaksne, eller som ein skjønar etter kvart som ein blir eldre. Eg meiner òg at ikkje alle songar vi lærer barna må vere slike som ein har innøvde rørsler til, sjølv om det er mest populært i barnekora i dag. Vanlege salmar kan vere like populære å syngje.

### Kor – mest for koristane

Nettopp kor er ein svært effektiv arena for trusopplæring, seier Kristensen, som sjølv er ein velkjend salmeforfattar.

- Dei døypte får trusopplæring gjennom å lære seg tekstane. Tilhøyrarane er ikkje så viktige i denne samanhengen, men det er dei som syng og må lære tekstane, som er den viktigaste målgruppa for korarbeidet.

Prosjektleiaren for Norsk salmebok 2013 lover at det blir mykje for dei unge i den nye salmeboka.

- Det er mange barnevennlege salmar i boka som kjem ut neste haust, og dei er godt spreidde utover der dei tematisk høyrer heime. Alle epokane i kyrkjehistoria har sine salmar som passar for barn, så det er berre å gle seg!

### Med på notane

Prost i Sarpsborg, Kari Alvsvåg, kom til konferansen med eit rykande ferskt verktøy for å lære salmesongar. Borg bispedøme står saman med Størst av alt – Trusopplæring i Den norske kyrkja – bak www.salmeslag.no. Godt inspirert av Det store korslaget på NRK har dei utvikla ein nettbasert konkurranse der inntil seks lag kan konkurrere om framføring av salmar i ein ny og frisk innpakning. Arrangementet til salmane er rocka opp for å appellera til dei unge, medan tekst og rytmikk er akkurat slik som i salmeboka – så salmane med tida kan syngast heilt perfekt til tradisjonelt kyrkjeorgel.

### Meir enn berre Måne og sol

- Vi kan jo ikkje ende med at den einaste salmen folk syng med på i dåp og konfirmasjon, er Måne og sol. Med www.salmeslag.no skal særleg dei unge på tweens-samling eller konfirmasjonskveldar få sansen for salmane i ei innpakning som er skreddarsydd for dei. Orgel er eit instrument få kjenner godt, det er ei sperre når både melodien og instrumentet er framand i gudstenesta. Vi trur dette kan bli ein suksess, i ei tid der singback er populært på fleire arenaer.



*Vidar Kristensen vil at barnesongar om Jesus skal vere gyldige heile livet. (Foto: Robert Dreier T. Holand)*

### Ikkje respektlaust

Eit dusin salmar er lagt inn i databasen. Mellom anna Eg veit i himmerik ei borg, Deg å få skode og Blott en dag. Det kan vel vere at nokon synes det er respektlaust å køyre på med tunge gitarriff og høglydte trommer til desse gamle skattane?

- Eg er ikkje samd i det. Det er heilt klart at dei unge kjenner seg meir heime i desse rocka arrangementa, og eg synes vi har laga slitesterke variantar av musikken. Du kan også sjå på det slik at vi tek alle middel i bruk for å bringe salmeskatten vidare!

www.salmeslag.no er gratis å bruke og alt ligg tilgjengeleg på nett. Men det er mogeleg å bestille musikken på cd.



# Den nye bibelomsetjinga som norm for nynorsken?

Birger Risnes frå Bø i Telemark meiner dette vil vera etter ynskje frå mange som har sett fram til berre eitt alternativ for nynorsk mål (NT nr. 2 – april 2012). No har me nett fått ei norm som er framstilt som dette alternativet.

På landsmøtet i Noregs Mållag 27. til 29. april vart Riise-normalen godkjend av delegatane. Men eit stort mindretalet røysta for ein normal som var fremja av Ullensaker Mållag. Dei meinte Riise-normalen ikkje svara til ynsket mange har hatt. Og då Arnfinn Haram omtala den nye bibelomsetjinga i Dag og Tid, kalla han henne «Lomheim-nynorsk».
Eg har lese mest heile Det nye testamentet og noko av det gamle. Då ser eg kva som ligg til grunn for Arnfinn Haram sin karakteristikk. Men stykkevis er det godt bibelspråk, fordi omsetjarane har halde på a-infinitiven, og dei flest e-verb har fått vera e-verb, so Jesus vert ikkje 'krossfesta', men 'krossfest'.
Dette er positivt, men sjølv om dei truleg har 'kjent' at det ikkje var bra å røra mykje ved 'heilage' tekster, har dei vilja 'modernisera'. Dette viser seg på mest kvar side, og sume brigde øydelegg poesien i kjende skriftstader. «Eg er den gode hyrdingen», heitte det før. No heiter det: «Eg er den gode gjetaren.» At «hyrding» har ei vidare meining enn «gjetar», har visst ikkje falle omsetjarane inn. I nummer 8/27. april 2012 av bladet Utdanning er der ein artikkel under overskrifta: «Læreren – gjeter eller hyrde?».
Skriftstaden Joh. 8,12 var særleg poetisk vakker i tidlegare omsetjing: «Eg er ljoset i verda. Den som fylgjer meg, skal ikkje vandra i myrkret, men ha livsens ljos». I samanlikning er den nye teksta kvardagsleg: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»
«Ljoset» er altså utgått på dato, og y må skiftast ut med ø, men kvifor står det då ikkje at «Moses løfta opp ormen i øydemarka»? – Her har nok omsetjarane fått kjensle av at dette vart simpelt bibelspråk. Difor: «Slik Moses lyfte opp ormen i øydemarka, slik må menneskesonen lyftast opp.»
Men 'fyrst', det ordet som kanskje mest av alle markerer at ei tekst er på nynorsk, måtte skiftast ut. No skal 'først' vera standard nynorsk. Kva grunngjev ein dette med?
I nokre tilfelle nyttar dei ord som er særmerkt nynorske, til dømes 'andlet' og 'truga'. No dominerer 'ansikt', og 'true'(då får «truande» to tydingar). Men 'granne' skal ut; det må heita 'nabo'.
Det tykkjest vera maktpåliggjande å svekkja det nynorske. Då er 'korkje' heller ikkje brukande lenger. Døme: «Dei verken gifter seg eller vert bortgifte.» 'Hjå' og 'viljug' har vorte 'hos' og 'villig'. «Gud gjer ikkje 'forskjell' (skilnad) på folk», og 'håp' er føretrekt framfor 'von'. Dertil te-ending i fortid: førte, lærte, rørte, stirte, men 'de' i 'spurde', 'kjende', 'fortalde'.
Dette som eg har peika på ovanfor, kjem som kontrastar på mest kvar side i den nye Bibelen. Då kan ikkje språket kallast stilreint, eller «stilsikkert». Styret i Språkrådet nytta uttrykket då dei kunngjorde at dei ville laga ei «husnorm» for dei som ynskjer eller pliktar å skriva «korrekt og stilsikker» nynorsk.
Dei forstod altså at Riise-normalen vert problematisk. Fordi alle former er likestilte, legg denne opp til «nynorsk for ein kvar smak»: «At norma opnar for ein viss valfridom, gjer det mogeleg for mange å kunna bruka dei formene dei trivst best med.» heiter det i saksdokumentet.
Då får me ein 'sprikjande' og utydeleg nynorsk som ikkje kan vera godt føredøme for dei som skal læra språket. Korleis kunne dei då applaudera Riise-normalen?
På landsmøtet klaga Lærarmållaget på bokmålsnær nynorsk i lærebøkene er. Ein meinte då, styret òg, at forlaga måtte påverkast til å endra på dette. Dét vert truleg ikkje lett, for Det Norske Samlaget driv sin eigen målpolitikk, og gjev til dømes ut bøker der 'den' er tilvisingsord, som i bokmål (i nynorsk er sykkelen 'han' og boka 'ho'). Dette er konsekvent gjennom heile den store biografien som Knut Olav Åmås har skrive om Olav H. Hauge.
Med Riisenorma har ein skaffa seg eit problem: Å hindra at nynorsken løyser seg opp og forvitrar. Mange i målrørsla har eigenleg arbeidt for samnorsk. Sylfest Lomheim er ein av desse. "For meg er det ikkje nokon uhyggjeleg framtidsvisjon om nynorsk og bokmål ein gong glir i hop,» sa han til Bergens Tidende i desember 2007. No spår han samnorsk om 100 år.
«Riv ut ein stein her og ein stein der i ein mur,» seier Olav H. Hauge, «det fører til at heile muren rasar saman. Dét er det nynorsken har gjort etter 1938.» (Dagboka b.5, s. 232).

Hallvard Hegna

## Avskårne blomster

De har mistet kontakten med roten! Slik er det selve roten som må bevares for at et kultursamfunn kan holde sine verdier levende. Den kristne kulturen har hatt sitt grunnfeste i Guds ord, og en levende kristen tro. Utfra dette kan det så spre seg en påvirkning til folket og samfunnet i sin alminnelighet.
Det var noen som mente at det gikk an å rive ned søylene av bånd som til da hadde båret vår kristne kulturarv, de kristne søylene, uten at templet ville rase sammen, men det går ikke.
Den kristne humanisten prof. A. H. Winsnes sa det en gang slik: "Forkaster Europas folk kristendommen, vil også dets kultur visne og dø."

(Lars Korvald)








# Nytt Skirvalotteri

**Skirvas venner har fått flotte gevinster til nytt lotteri:**

| | |
|---|---|
| Olavsbibelen (jubileumsutgaven) | verdi kr. 2500 |
| Håndskåret julekrybbe fra Madagaskar | ” kr. 1000 |
| Barnemøbler | |
| Peiskrakk | |
| Rosemalt skrin til bunadsølv | |
| Gyngehest | |

**Vinnere av forrige lotteri:**

| | |
|---|---|
| 1. Sendingskorg | Ingeborg og Reidar Randen, Rælingen |
| 2. Strikka sjal | David og Adam Spilling Krishna |
| 3. Peiskrakk | Ågot Olaisen |
| 4. Barnemøbler | Anne Flåto Lindøen |
| 5. ”Kattugle” | Hilde Heisholt |
| 6. Julekrybbe | Helga Sjøtveit |

Rett trekning bevitnes: Åse Kleiverud, Steinar Ulla, Skirva 23. juni 2012.

Skirvas venner gir et brannsikkert skap til oppbevaring av verdigsaker, bl.a. ”Skirva-minner”, referater og bildesamlinger fra starten. Videre ønsker vi å koste ny belysning i kirkerommet. Minner om konto 2620 42 57034.
Vi har prøvd (for 3.gang) å få i gang en ”venneforening”. Nå må stefettpinnen gå videre til nye krefter. Vi vil fortsatt støtte med utlodning, og håper å få til en juletrefest etter nyttår.

For Skirvas venner, Kari Gunleiksrud og Randi Spilling.

# Trengsel foran tronen?

Jeg kom akkurat hjem fra en ny reportasjerunde i Kenya. Igjen har jeg blitt filleristet på humpete veier inn i bushen, sittet i fattigslige jordhytter og snakket med mennesker som mangler det meste, og som ofre for interne stammekonflikter har mistet det lille de hadde, inkludert en ektefelle eller barn.
Disse menneskenes eneste håp er at når de en dag skal forlate dette livet, skal all sorg og smerte, forsvinne. Menneskene som opplever livet som en uoverkommelig kamp her på jorden, lengter etter himmelen og evigheten sammen med Gud som bare gir gode gaver, og som vil tørke tårene fra deres kinn. Jeg fant ingen bitterhet her, bare en Gud som var midt i sorgen.
Dagens tekst minner oss om at vi en dag skal til et bedre sted. I Norge har vi det allerede så godt at vi glemmer å lengte dit. For den fattige og syke kan ikke dagen vi skal inn i herligheten, komme fort nok.
Bibelen snakker om skarer fra alle nasjoner, stammer folk og tungemål som skal stå foran Guds trone en dag. I vår del av verden ser vi sjelden skarer av kristne samlet på et sted. Den konservative kristentroen på Jesus har vanskelige kår, og det kan virke som om flokken som en dag skal stå foran Guds trone ikke er så imponerende stor.
Min rundtur i Afrika denne gangen ga meg imidlertid tilbake troen på at det kommer til å bli sprengfullt i himmelen.
Mens menighetene i Norge sliter med å fylle stolene, strømmer Kenyas befolkning til kirker og menigheter i tusentall.
Da jeg sist søndag lyttet til 3000 kenyanere som lovsang, danset og jublet over troen og frelsen, fikk jeg fornyet tro på at det blir trengsel foran tronen i himmelen.

(Anne Gustavsen,
Vårt Land 5. nov.)

# Gullkonfirmantene i Austbygde

**Søndag 14. oktober var det Gullkonfirmantfest på bedehuset i Austbygde**



***AUSTBYGDE:*** *Bak, frå venstre: Morten Emanuel Aafoss, Halvard Haugstøl, Andres Meland, Halvor Tverberg, Torstein Bøen og Trygve Lilleland. Fr. f. v: Liv Traen, Gunhild Midtbøen, Barbro Hagen Nilsen, Aslaug Haugen og Toril Strøm.*

***HOVIN:*** *28. oktober var det gullkonfirmantfest i kyrkjestoga i Hovin for Bjørg Soråsdekkan og Arild Bakken.*

# Medarbeiderfest i kirken i Tinn



Hvert år arrangerer i kirken i Tinn medarbeiderfest for å vise hvor stor pris vi setter på alle frivillige som er aktive på ulikt vis i kirken vår. Det er staben (de ansatte) som denne dagen er vertskap, og som vil gi noe tilbake til alle som bidrar med frivillighet. De kan være kakebaking, besøkstjeneste, dugnad, sokneradsverv, medlem i utvalg (misjon, diakoni, trosopplæring), leirleder, nattevakt, kokke, medarbeider i Tinn Soul Children, Rjubako..... Listen kan bli svært lang, for i kirken i Tinn er det mange involvert! Det setter vi svært stor pris på.

Diakon Erik Bugge vil igjen lage til et deilig koldtbord, så alt ligger til rette for en inspirerende og avslappende aften.

Sett av kvelden allerede nå:
**Onsdag 13. mars kl 18:00 på Atrå samfunnshus**




# Blix i bedehusrørsla – del IV

Av Egil Sjaastad

Forf. er førstelektor i praktisk teologi ved Fjellhaug Misjonshøgskole



**Fra Wikipedia:**
Elias Blix (født 24. februar 1836, død 17. januar 1902) var en norsk teolog, politiker (V) og salmedikter. Han var født på Våg i Gildeskål i Nordland og fullførte teologisk embetseksamen i Oslo i 1866. Han ble professor i hebraisk 1879 og var kirkestatsråd i perioden 1884–88. Han har skrevet en rekke salmer, og mange av disse er tatt med i Norsk Salmebok.
For sine salmer og sanger på nynorsk og for sitt arbeid for nynorsk som skole- og kirkespråk, regnes Blix som en av nynorskens fedre. Da Birger Anneus Hall ga ut sangboken Kirkeklokken i 1890, hadde han med 30 nynorske salmer av Elias Blix, det var i denne forbindelse han for første gang stod fram som salmedikter. To år senere, i 1892, utgav Blix selv salmeboken Nokre salmar - utelukkende med egne tekster på nynorsk.
Elias Blix var konservativ innen teologien, men radikal når det gjaldt målsaken og politikken. Blix døde i hjemmet sitt i Kristiania (Oslo) i 1902. Han er gravlagt på Vår Frelsers gravlund. Blix var gift med Emma Blix, og var far til satiretegneren og riksmålsmannen Ragnvald Blix.

## Blix-salmar i salmebøker i lutherske frikyrkjer og i interkonfesjonelle rørsler.

Den evangeliske lutherske frikyrkja si songbok av 1905 hadde heile 14 Blix-salmar. Frikyrkja var såleis overraskande tidleg ute når det galdt å publisere Blix-salmar Sidan dei var eit eige kyrkjesamfunn, hadde nok behovet for salmar meldt seg sterkare der enn i bedehusrørsla.
Både frikyrkja og Det evangelisk lutherske kirkesamfunn (DELK) held framleis mange Blix-slmar i hevd. Frikyrkja si bok ”Ære være Gud” frå 1984 har 37 Blix-salmar, DELK si bok frå 1995 har 13. Ein del av bedehusfolket har hatt mykje kontakt over grensene til frikyrkja, i seinare tid har mange bedehusfolk også funne seg til rette i DELK.
I vekkjingskrinsar med interkonfesjonelt preg har Blix-salmane vore lite brukte og truleg lite kjende. I Sions Harpe (1891 og 1927), Sanglekeren (1920), Verden for Kristus (1906), Toner fra lovsangsdalen (1913) er Blix mest ikkje representert i det heile.
Mange lekfolk innan kyrkja stod nær den åndelege profilen i desse krinsane. Her fekk dei ikkje del i nokon nynorsk salmeskatt.

## Blix-salmar i songbøker i misjonsorganisasjonane, søndagsskolen og skolelaget.

Heller ikkje i det lutherske bedehusfolkets eigne songbøker frå århundreskiftet var det mange Blix-salmar. Det Vestlandske Indremisjonsforbunds bok, Forbundets sangbok av 1900, hadde berre 6. Underleg er det at dene boka, som kom til å få tittelen Sions sange, i sitt 16. opplag i 1923 ikkje hadde fleire enn 7. Kva dette kjem av, er vanskeleg å skjøne. Redaktørane Lavik og Lindeland må ha vore konservative og varsame og kunne ikkje ivra for nynorsken slik Grimnes (og etter han Olav Nesse) hadde gjort. Ein historikar skriv følgjande: ”DVI’s songbok satsa på songar, ikkje salmar.”
Dei andre bøkene i den lutherske bedehusrørsla vitnar nettopp om eit sterkt gjennomslag for Blix-salmane dei to første tiåra etter 1905. Verden for Kristus som Kinamisjonsforbundet overtok, hadde i 1923-utgåva 26 Blix-slamar. Indremisjonsselkapet (”Landsindremisjonen”) si bok hadde i 1926-utgåva 22 Blix-salmar.
At dei store lekmannsorganisasjonane samla seg om Sangboken Syng for Herren (1928) vart svært avgjerande. Den boka samla bedehusfolket om ein og same songskatt. No fekk indremisjonsfolket på Vestlandet nynorske salmar dei må ha sakna i si eiga bok Sions sange. I Sangboken Syng for Herren var Blix salmediktaren som hadde flest salmar, 53 i utgåva av 1928, 45 i utgåva av 1957. Endatil i utgåva av 1983 har Blix flest, 34 salmar, det vil altså seie fleire enn både Brorson, Landstad, Lina Sandell og Trygve Bjerkrheim. Når så mange eldre informantar i spørjeundersøkjinga mi kjenner så mange Blix-salmar som ikkje vart nytta på skolen, skuldast det i høg grad denne boka.
Omfanget av Blix-salmar i Skolelagets songbok Kristen Sang (1946) og Barnesangboka (1963) vitnar om hans sterke posisjon i Kristen-Noreg til langt ut i etterkrigstida. Dette har samanheng også med hans posisjon i folkeskolen. Blix var folkeige, Blix-salmar høyrde til barnelærdomen og hadde difor ein sjølvsagd plass i songbøkene blant born og ungdom.
Mange av salmane hans (og mange omsetjingar) har vore brukte også i søndagsskolen. Søndagsskolen nådde svært mange born, især i 1950-åra.
Både søndagsskolen og lagsrørsla har mange stader vore drive fram av bedehusfolk.

## Blix-salmar i bøker frå slutten av 1900-talet.

I 1960-70-åra sleit nynorsken med å halde stand i mange bygdelag. Fleire ”krinsskolar” gjekk attende til bokmål som hovudmål. Blix-salmar som før vart pugga inn ved nynorske krinsskolar, fekk frå då av mindre inngang i breidda av folket. Norsk Salmebok frå 1985 og Sangboken Syng for Herren frå 1983 har likevel overraskande mange Blix-salmar.
Var revisjonskomitéane vel optimistiske på Blix sine vegner?
Spørjeundersøkjinga nedanfor synest å tyde på det, i alle fall når det gjeld bedhusrørsla. Dei siste to tiåra har mykje av songskatten i mange bedhusmiljø vore prega av songar på lysark/powerpoint, og fleire av dess miljøa, inkludert dei kristne internatskolane, er prega av ein meir økumenisk evangelikal eller karismatisk songskatt med enkle tilbedingssongar, ofte med tynnare teologisk substans.
Rop det ut frå 1996 har berre 4 Blix-salmar. Årsaka er nok at denne boka i hovudsak skulle presentere nytt stoff som tillegg til Sangboken Syng for Herren. Skolelagsmiljø og ungdomsmiljø på bedehusa som i hovudsak har brukt Rop det ut, andre lovsongbøker eller songar på lysark/powerpoint, har det siste ti-året mest ikkje nytta Blix-salmar. Songboka for den kristelege folkehøgskolen, Syng Livet med totalt 583 songar, har 8 av Blix.
Ein kan ane at den store perioden for Blix-salmane i norsk i norsk kristenliv var over alt tidleg på 90-talet.

*Framhald i påskenummeret*

OPPBYGDE HANDELSLAG
3652 HOVIN - TELEFON 350 99230

**En annonse i Kyrkjebod, kan leses av alle husstander i Tinnbygdene!**

**Gaustablikk Høyfjellshotell**
*ønsker velkommen til kurs, møter og ferie.*
91 værelser, 24 leiligheter med selvhushold.
Romslig spisesal og oppholdsrom.
Telefon 350 91422.

3650 Tinn Austbygd Telefon 350 98173
**Sandviken Camping**
SOLARIUM • TRIMROM • HYTTER • CAMPING • MINIGOLF

**Byggmester Magne Olesrud**
tlf. 97 11 05 11
3650 Tinn Austbygd

**K. E. Sando**
GULLSMED
Telefon 350 90501

**Mogen Auto AS**
*SERVICE OG VEDLIKEHOLD UTFØRES PÅ ALLE BILMERKER*
3658 Miland - Telefon 35 08 24 00

**ALMINOR**
Postboks 14 - 3650 Tinn Austbygd
Telefon 35 08 11 11 - Telefax 35 08 11 00

**Radio RJUKAN**
«Den beste musikken!»
Frekvensene 104,1 - 105 - 106,5 og 107, og på 101 på kabelnettet!

**TINN BILLAG A/S**
RUTEBILENE TELEMARK
Telefon 35 08 18 00
www.tinnbillag.no

**RUE TAXI**
v/ Svein Tore Rue
TLF. 41 44 55 66
**st-rue@st-rue.no**

**Tinn Regnskap AS**
Sam Eydes gate 93
3660 Rjukan
Telefon 35 08 10 00
Telefax 35 08 10 06
Lokaleid, autorisert regnskapskontor
Alle typer regnskap og årsoppgjør

A til Å Entreprenør AS
Svaddeveien 149
3660 Rjukan

Telefon: 350 82450
E-post: post@atilaa-as.no
Web: www.atilaa-as.no

**A TIL Å ENTREPRENØR**

**RA**
**- LOKALAVISA FOR TINN**

**Håvardsrud Seterliv**
Selskap heile året.
Håvardsrud Seterliv - 3650 Tinn Austbygd - Telefon 95 05 97 25
E-post: post@seterliv.no **www.seterliv.no**

**Opnigstider biblioteka i Tinn**

**RJUKAN BIBLIOTEK**

| | |
|---|---|
| Mån-tors | 10:00-18:00 |
| Fredag | 10:00-15:00 |
| Laurdag | 10:00-13:00 |

(gjeld 1. sept. til 31. mai)

**ATRÅ BIBLIOTEKFILIAL**

| | |
|---|---|
| Tysdag | 17:00-20:00 |

**HOVIN BIBLIOTEKFILIAL**

| | |
|---|---|
| Torsdag | 17:00-19:00 |

Filialane er stengde i skuleferiane!

**Haugen Treindustri**

*Kjøkenartiklar i tre • Møblar • Kjøkeninnreiingar • Trapper*

*Anna bestillingsarbeid*

Telefon 350 98 822

*GODE TILBUD KVAR VEKE HJÅ*

ELKJØP Tinn as

STORGATA 17
3660 RJUKAN
TLF 35 09 21 75
FAX 35 09 21 48

**Olaisen Transport**

**Maskindrift og Kranbiler**

**Geir 41 41 60 04**
**35 09 82 17**

SPAR

**Atrå Handelslag**

**www.atra-handelslag.no**



Bygg - jernvare - kjøkkenutstyr - gaver - garn
Spar-supermarked med egen ferskvaredisk

**Skal du:**
Bygge nytt - reparere -
Bytte vinduer - Pusse opp -
Bygge på - Bygge lite eller stort -
Kort sagt - vi tar alle typer oppdrag

FJELLERUD BYGG AS
*Vi holder det vi lover*
Svaddeveien 145 - 3660 Rjukan
Telefon 35 09 47 00
www.fjellerudbygg.no

**TINN SPAREBANK**

*- tilstede der du bor!*

Lokalbanken med personlig service!

tlf. 35 08 08 00 post@tinnbank.no
www.tinnbank.no

Advokat Per Lykke
M. N. A.

Telefon 35 08 10 50
Fax 35 08 10 59
Postboks 101 - Storgata 19
3660 Rjukan

*Rjukan og Vest-Telemark*
**BEGRAVELSESBYRÅ**
TORE VARNES

Telefon
35091578

*Ordner alt vedrørende begravelser, kremasjoner og transporter*

**JOLAND**

Jan Birger Oland Håvardsrud
Telefon: 35 09 17 00
Mobil: 917 03 561
E-post: post@joland.no

ALT I DATA!
Nye maskiner og skrivere
Reparasjoner
Hjelp og feilsøking

Kontor i tidligere Egva-bygget: Svaddevegen 171, 3660 Rjukan

**TINN ENERGI INSTALLASJON AS**

Tlf. 35 08 09 00
Storgata 4
3660 Rjukan
www.tinnenergi.no

**- en trygg kontakt!**

# Velkomen til gudsteneste

| Dato | Dag | Kirke | Kl | Gudstjeneste |
|---|---|---|---|---|
| 16.12.2012 | 3sia | Atrå kyrkje | 17:00 | Julekonsert |
| 16.12.2012 | 3sia | Hovin kyrkje | 11:00 | Høgmesse |
| 17.12.2012 | Ma e 3sia | Rjukan kirke | 00:00 | Julekonsert |
| 24.12.2012 | Julaft | Austbygde kyrkje | 14:00 | Høgmesse |
| 24.12.2012 | Julaft | Dal kirke | 14:30 | Høymesse |
| 24.12.2012 | Julaft | Mæl kyrkje | 16:00 | Høgmesse |
| 24.12.2012 | Julaft | Rjukan kirke | 16:00 | Høymesse |
| 25.12.2012 | Juled | Atrå kyrkje | 11:00 | Høgmesse |
| 26.12.2012 | Stef | Hovin kyrkje | 11:00 | Høgmesse |
| 30.12.2012 | Romj | Tinn Helsetun | 11:00 | Høgmesse |
| 31.12.2012 | Nyaft | Atrå kyrkje | 17:00 | Minnegudstene |
| 31.12.2012 | Nyaft | Rjukan kapell | 16:00 | Minnegudstjene |

## 2013

| Dag | Kl. | | Sted |
|---|---|---|---|
| 6. januar<br>Kristi openb. | 11:00 | Høgmesse | Mæl kyrkje |
| | 17:00 | Høgmesse | Skirva fjellkyrkje |
| 13. januar<br>2. su. i åp. | 11:00 | Sprell Levende – en smak av himmel | Rjukan kirke |
| 20. januar<br>3. su. i åp. | 11:00 | Høgmesse | Atrå kyrkje |
| | 17:00 | Høgmesse | Hovin kyrkje |
| 27. januar<br>Såmannssu. | 18:00 | Kveldsgudstjeneste | Rjukan kirke |
| 3. februar<br>Kristi forklarelsesd. | 11:00 | Sprell Levende – en smak av himmel | Austbygde kyrkje |
| | 17:00 | Sprell Levende – en smak av himmel / tinn soul children<br>Utdeling av 6-årsbok i Austbygde og Mæl | Mæl kyrkje |
| 10. februar<br>Fastelavnssu. | 11:00 | Sprell Levende – en smak av himmel | Rjukan kirke |
| 17. februar<br>1. su. i faste | 11:00 | Høgmesse | Hovin kyrkje |
| | 17:00 | Høgmesse | Atrå kyrkje |
| 24. februar<br>2. su. i faste | 18:00 | Folkemusikkgudstjeneste | Dal kirke |
| 3. mars<br>3. su. i faste | 11:00 | Høgmesse | Mæl kyrkje |
| | 17:00 | Høgmesse | Austbygde kyrkje |
| 17. mars<br>Maria bodskapsd. | 11:00 | Sprell Levende – en smak av himmel | Atrå kyrkje |
| | 17:00 | Sprell Levende – en smak av himmel<br>Utdeling av 6-årsbok i Atrå og Hovin | Hovin kyrkje |
| 24. mars<br>Palmesundag | 11:00 | Høgmesse | Mæl kyrkje |
| | 11:00 | Høymesse | Frøystul fjellkirke |
| 28. mars<br>Skjærtorsdag | 18:00 | Høgmesse | Skirva fjellkyrkje |
| | 18:00 | Høymesse | Frøystul fjellkirke |
| 29. mars<br>Langfredag | 11:00 | Høgmesse | Hovin kyrkje |
| | 11:00 | Høymesse | Frøystul fjellkirke |
| 31. mars<br>1. påskedag | 08:00 | Ottesang | Austbygde kyrkje |
| | 11:00 | Høgmesse | Atrå kyrkje |
| | 11:00 | Høymesse | Frøystul fjellkirke |

# En av disse blir biskop



*Hvem av disse går inn i bispekollegiet i 2013? Fra venstre Reinertsen, Bjerkreim og Grasaas. (Foto: Kirkerådet)*

**Ny biskop i Agder og Telemark blir enten Mandal-prost Stein Reinertsen, Sandnes-prost Ludvik Bjerkreim eller Oslo-prest Anne-May Grasaas.**

I avstemmingsrunden i lokale menighetsråd, blant bispedømmets prester, diakoner, kantorer, kateketer, landets proster og teologiske professorer, er Reinertsen favoritt foran Bjerkreim og Grasaas. Endelig avgjørelse tas i Kirkerådets møte 7. desember, etter at Agder og Telemark bispedømmeråd og de sittende biskopene kommer med sin innstilling.


**Tinn kirkelige fellesråd**

**Sam Eydesgt 101**

**3660 Rjukan**

**Tel: 35 08 28 60**

**post@kirken.tinn.no**


**Stoff til Kyrkjebod mottas med takk!**

**Siste frist til nr. 1-2013: 15. februar**

**Skriv og send det til: mpartner@c2i.net**

# Tinn kirkelige fellesråd

**Prestar:**
Sokneprest Øystein Evensen, mobil 922 06 150
E-post: oystein.evensen@kirken.tinn.no
Sogneprest Tone Anne Hvalen, tlf. 35 08 28 68, mobil 913 80 464
E-post: tone.hvalen@kirken.tinn.no

**Diakonar:**
Erik Bugge, mobil 977 15 911 - E-post: erik.bugge@kirken.tinn.no
Silje Sjøtveit, tlf. 975 41 299 - E-post: silje.sjotveit@kirken.tinn.no

**Trusopplærar:**
Torunn Øvsterud, Mobil: 911 17 645
E-post: torunn.ovsterud@kirken.tinn.no

**Organistar:**
Doris Margaret Ek, mobil 997 42 235
E-post: doris.ek@kirken.tinn.no
Britt Elin Myrene, mobil 920 46 146
E-post: britt.elin@kirken.tinn.no

**Kyrkjeverje:**
Leif Kåre Mangen, tlf 35 08 28 61, mobil 900 63 025
E-post: leif.mangen@kirken.tinn.no

**Kyrkjegards-arbeidar:**
Knut Rune Hagen, Tlf. 35 09 87 65, mobil 957 77 489
E-post: knut.hagen@kirken.tinn.no
Christian Skårdal, mobil 952 56 099
E-post: christian.skaardal@kirken.tinn.no
Rune Flatland, mobil 474 50 259
E-post: rune.flatland@kirken.tinn.no

**Kyrkjetenarar:**
Knut Rune Hagen, Tlf. 35 09 87 65, mobil 957 77 489
E-post: knut.hagen@kirken.tinn.no
Øystein Busnes, Tlf. 35 09 62 61, mobil 992 53 267
Brynjulf Garden, Tlf. 35 09 86 96, mobil 416 89 222
E-post: bjorg.garden@gmail.no

**Klokkarar:**
Helga Johnsgård, Tlf. 35 09 92 39, mobil 995 13 116
Oddvar Øvsterud, mobil 470 46 170
Annette Fagerberg, mobil 95 23 88 17

**Kontorfullmektig:**
Gina Bjørkhaug, Tlf 35 08 28 60, fax 35 08 28 69
E-post: gina.bjorkhaug@kirken.tinn.no

**Atrå og Mæl sokneråd:**
Grete Ingeborg Vestby, Fossheimvn. 5, 3656 Atrå
Mobil 905 62 316 - E-post: g-vestby@online.no

**Austbygde og Hovin sokneråd:**
Åse Vikane Kleiverud, 3650 Tinn Austbygd
Mobil 411 90 954
E-post: ase.kleiverud@gmail.com

**Skirva Fjellkyrkje og Ungdomssenter:**

**Styreleiar:**
Hans Kristian Langeland, Bjønnefosslie 4, 3656 Atrå
Tlf. 35 09 72 68 - E-post: hans.langeland@tele2.no

**Tilsynsansvarleg:**
Jonny Marumsrud, Haugland, 3656 Atrå
Tlf. 35 09 74 22, mobil 95 00 14 95
E-post: jonny.marumsrud@gmail.com

**www.kirken.tinn.no**

**Returadresse:**
Kyrkjebod
c/o Terje Paulsen
Bjønnefosslie 6
3656 Atrå

# Nye messehagler i Hovin kyrkje



Hovin kyrke har nå tatt imot to messehagler, som det forrige soknerådet bestilte.
Messehaglene er tegnet og laget av Mette Hygen.
Den første messehagelen er hvit, som symboliserer fest og glede.
Motivet på forsiden er Seierskronen som symboliserer oppstandelsen.
På baksiden er det en ranke av markblomster som strekker seg oppover. På Jesu tid ble det brukt palmegrener, men her hos oss har Mette valgt å brodere en vakker markblomsterranke.
Messehagelen ble tatt i bruk 1. pinsedag ved årets konfirmasjon.
Den lilla messehagelen brukes i fastetiden, bots-og bededag og i adventtiden.
Den ble tatt i bruk 28. oktober, da gullkonfirmantene var innbedt.

Her skriver Mette: Så har jeg tenkt på hva bispedømerådet sa: Generelt trenger Hovin kirke gudssymboler-- treenighetssymboler

**Forsiden:**
Menneskenes tårer over sin utilstrekkelighet.

**Baksiden:**
Jeg har forenet et Guds-symbol ----- Guds øye i trekanten ----- med menneskenes religiøsitet og lengsel mot Gud. Jeg har satt Gud øverst med en stråle ned mot menneskene.
Menneskene symboliseres gjennom noe av det fineste vi har i Tinn---Tinnsømmen. Rosene strekker seg oppover: Gud og menneskene søker hverandre

Soknerådet takker Mette Hygen for et vakkert arbeid med messehaglene.

**Skirva fjellkyrkje**

**Leirsted - Selskapslokale - Rimelig overnatting**

Leter du etter et fint selskaplokale i spesielt vakre omgivelser?
Trenger du rimelig overnatting for gjestene og lekerom for barna?
Eller leter du etter et leirsted for barne- eller ungdomsgruppa du leder?
Skirva fjellkyrkje har alt du trenger og leier ut til rimelige priser.

**Kontakt 95 00 14 95 - www.skirva.no**



**- Grunn- og fundamenteringsarbeid**
**- Vei, vann og avløpsanlegg**
**- Masseflytting og sprengning**
**- Prosjektering og totalentrepriser**

Brødrene Alseth A .s
BA ENTREPRENØRFORRETNING MÅRVIK - 3656 ATRÅ
ENTREPRENØRFORRETNING
MÅRVIK 3656 ATRÅ
TELEFON 35 08 17 00 FAX 35 09 72 80